

MØTEPROTOKOLL

Læringsmiljøutvalet

Dato: 21.11.2017 kl. 12:00-14:00
Sted: Skype (Sogndal, Førde, Bergen, Stord og Haugesund)
Arkivsak: 17/10211

Tilstede: Tove Sandvoll Vee, Kristen Stæger-Breisnes, Arne Bygstad, Øivind Henne, Marianne Nesbjørg Tvedt, Pia Oline Lilleskare Lunde, Sjur Herheim, Tom Lund-Andersen, Jan-Erik Kallevik Vatland, Linda Christine Bøhn, Are Bødal, Sindre Rødne Dueland (observatør), Einar Georg Johannessen (observatør)

Møtende varamedlemmer: Lise Synnøve Neeraas Langåker for Hellen Dahl
Rønnaug Tveit for Hege Råkil

Forfall: Hellen Dahl og Hege Råkil (observatør)

Protokollfører: Grethe Lønning Grimsbø

SAKSKART			Side
Vedtakssaker			
18/17	17/03218-25	Godkjenning av innkalling og saksliste til møte i LMU 21.11.2017, og godkjent referat frå møte 26.09.2017	2
19/17	17/03218-26	Evaluering av ordninga med læringsmiljøutval - sjølfevaluering	3
20/17	17/04230-5	Strategisk plan for læringsmiljø 2018-2021	4
Orienteringssaker			
3/17	17/05487-5	Orientering om status - utarbeiding av rusmiddelpolicy for HVL	5

Sted, 21.11.2017
Tove Sandvoll Vee
Møteleder

**18/17 Godkjenning av innkalling og saksliste til møte i LMU
21.11.2017, og godkjent referat frå møte 26.09.2017**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalet	21.11.2017	18/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Innkalling og saksliste til møte i LMU 21.11.2017 vert godkjent.

Møtebehandling

Eitt av LMU-medlemmene hadde ikkje fått sakspapira på e-post.

Ingen saker vart meldt til eventuelt.

Referat frå møte i LMU 26.09.2017 var godkjent på e-postrunde etter møtet.

Vedtak

Innkalling og saksliste til møte i LMU 21.11.2017 vert godkjent.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

19/17 Evaluering av ordninga med læringsmiljøutval - sjølvevaluering

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalet	21.11.2017	19/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Læringsmiljøutvalet har i fellesskap svart etter beste evne på sjølvevalueringsskjema, og ber LMU-sekretær ferdigstille og sende inn skjemaet til Oxford Research innan fristen 4. desember.

Møtebehandling

LMU gjekk gjennom skjema for sjølvevaluering og alle fekk høve til å komme med innspel på dei ulike punkta i skjemaet.

LMU-sekretær sender ferdig utfylt skjema ut til LMU-medlemmene for gjennomsyn og kommentarar før innsending til Oxford Research.

Vedtak

Læringsmiljøutvalet har i fellesskap svart etter beste evne på sjølvevalueringsskjema, og ber LMU-sekretær ferdigstille og sende inn skjemaet til Oxford Research innan fristen 4. desember.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

20/17 Strategisk plan for læringsmiljø 2018-2021

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalet	21.11.2017	20/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Læringsmiljøutvalet tek strategisk plan for læringsmiljø 2018-2021, versjon datert 23.10.2017, til orientering. Endeleg godkjenning i LMU og vidaresending til rektor eller høgskolestyret vert utsett til råds- og utvalsstrukturen i HVL er fastsett, og modell for lokalt læringsmiljøarbeid på studiestader og fakultet er avgjort.

Møtebehandling

Det vart i møtet kommentert at «vis merknader-funksjonen» må brukast i dokument som er under utarbeiding, slik at ein kan sjå kommentarar som er spelt inn, og kva for endringar som er gjort i dokumentet.

LMU hadde nokre innspel til dokumentet, og ber arbeidsgruppa ta desse med i arbeidet med ferdigstilling:

- Formulering i starten av dokumentet må endrast for å gi meining. Forslag til endra tekst: «Målsettinga er at HVL skal ha eit godt læringsmiljø som famnar mangfaldet i studentmassen.»
- Grenseoppgangen mellom læringsmiljø og HMS-arbeid er viktig, og kan gjerne konkretiserast ytterlegare.
- Ein må vere sikker på at ein refererer til riktige lover i dokumentet, nye lover trer i kraft frå 01.01.2018.
- Dokumentet må vere konsekvent i målform. No er deler av dokumentet på nynorsk og deler på bokmål.

Det er eit mål å få ferdigstilt planen frå LMU si side i LMU-møtet 6. februar. Ordlyden i vedtaket vart difor endra noko.

Vedtak

Læringsmiljøutvalet tek strategisk plan for læringsmiljø 2018-2021, versjon datert 23.10.2017, til orientering.

Innspel frå møtet vert vidareformidla til arbeidsgruppa.

Endeleg godkjenning i LMU og vidaresending til rektor eller høgskolestyret vert utsett til neste møte.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

<u>Saknr</u>	<u>Arkivsak</u>	<u>Tittel</u>
3/17	17/05487-5	Orientering om status - utarbeiding av rusmiddelpolicy for HVL. Innspel frå LMU i møtet: • Policydokumentet må matche det som er offisielt vedtekne retningslinjer for tilsette (som ligg i perosnalhandboka). • Det vart stilt spørsmål ved om det er nødvendig å ha to separate dokument med vidare retningslinjer, eitt for tilsette og eitt for studentar. • Normal arbeidstid/fleksitid – må eventuelt konkretisere at «normal arbeidstid» i dette tilfellet er definert innanfor eit bestemt tidsrom. • Det er alkoholservering på campus på dagtid per i dag. Kan dette dokumentet slå fast at dette ikkje skal forekomme? • Kven skal vedta dokumentet? Det er viktig at tillitsvalde vert involverte på eit tidleg tidspunkt. • Forslag om at arbeidsgruppa inviterer gjester med inn i neste møte. • Er kontor og klasserom offentlege rom der alkohol ikkje er tillate? Dette må sjekkast.